

Kan skule- sentralisering redde kommune- økonomien?

GUNNAR SKJØLBERG
Rådgjevar i LUFSS

I nesten alle skulesentraliseringssaker er økonomi det viktigaste argumentet. Nedleggingssaker kjem i hovudsak opp i samband med kommunen sitt arbeid med neste årsbudsjett. Dei fleste kommunar bruker rundt 1/3-del av driftsbudsjettet sitt på skule og barnehage. Rundt 1/3-del går til pleie og omsorg. Den siste tredjedelen fordeler seg på dei andre kommunale oppgåvene.

Det er gjerne ikkje overraskande at ein stor sektor vert saumfaren når det viser seg vanskeleg å få budsjettet til å gå i hop. Men måten det vert gjort på er meir urovekkande. Ein skulle tru at kommunane hadde meir kompetanse både på sakshandsaming og jus - og ikkje minst på økonomi. Sakshandsaming og jus får ligge no. Eg skal sjå litt meir på den økonomiske sida ved skulenedleggingssaker.

Det mest grelle dømet på påstått innsparing er når kommunen i neste års budsjett, stryk heile budsjettet til ein nærmiljøskule og meiner at det strokne budsjettet er identisk med innsparinga. Då gløymer sakshandsamaren at det også kostar pengar å gje dei sentraliserte elevane undervisning på mottakarskulen. Dette gjeld i første rekke kostnaden med sjølve undervisninga. Elles må elevane ha naudsynt skulemateriell. Reinhald og vedlikehald på mottakarskulen må også aukast opp om standarden skal haldast på same nivå som før.

Ved sentralisering vil kommunen oftast auke opp talet elevar i opplæringsgruppa. Dette set meir press på behovet for spesialundervisning – ein rett som er knytt til den einskilde elev og ikkje til skulen.

I tillegg må truleg elevane reise med skulebuss

til mottakarskulen. Kommunen betaler billettpris for elevane, men den største kostnaden - rundt tre gonger å mykje som kommunen må ut med – må fylkeskommunen betale. Systemet er altså slik at kommunar som vedtek skulesentralisering kan påføre fylkeskommunen millionutgifter utan at fylkeskommunen kan forhindre det.

Kommunane skal drive sine tenester til beste for innbyggjarane. Då er det og rimeleg at det vert vurdert kva økonomiske ulemper skulesentralisering påfører foreldra til elevane. Ved ei sentralisering vert skulevegen lenger. Det betyr at kostnaden med skyss til SFO og til møte på skulen vert større - utgifter som foreldra må ut med.

For mange er skulen i nærmiljøet grunnen til at dei bur nett der. Blir skulen borte, vil fleire vurdere å flytte, og eit mindretal vil nok gjere det. Flytting og etablering på ein ny stad – enten innan kommunen eller i ein annan kommune – er ei stor investering. Dette er kostnader som eit kommunalt vedtak påfører egne innbyggjarar.

Fører skulesentralisering til at folk flytter ut av kommunen, får kommunen mindre rammeoverføring frå staten sidan folketalet går ned. Skulesentralisering forsterkar utviklinga i kommunar som slit med folketalsnedgang. Samstundes vert den kommunale økonomien svekka.

Ingen kommune har så langt greidd å dokumentere kva dei har spart på skulesentralisering. Rett nok kan kommunar vise til eit lågare samla driftsbudsjett for skulesektoren i kommunen, men det er gjerne fordi skulesentraliseringa har vorte kombinert med ein generell ressursreduksjon for alle skular. Argumentasjonen om at ein sentraliserer for oppretthalde kvalitet og ressursnivå på dei skulane som vert att, stemmer såleis ikkje.

I artikkelen har eg ikkje vist til tal eller eksempel på økonomiske resultat av skulenedlegging. Dei som kjem opp i reelle nedleggingssaker kan få hjelp av LUFSS både med økonomiske utrekningar og saksgang som skal følgjast i slike saker. LUFSS hjelper i første rekke dei som er medlemmer av organisasjonen.